HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkessekretariatet

# Notat

Dato: 23.04.2019
Arkivsak: 2015/10348-43
Saksbehandlar: sigaard

| | |
|---|---|
| **Til:** | Fylkesutvalet |
| **Frå:** | Fylkesrådmannen |

## Status for spørsmål og oversendelsesforslag i fylkesutvalet pr. 02.05.2019

Oversendingsforslag, spørsmål og bestillingar til fylkesrådmannen.

| Møtedato | Sakark.nr. | Oversendingsforslag, spørsmål m.m. | Forventa svar til FUV |
|---|---|---|---|
| 31.01.2019 | | «Ber administrasjonen koma attende med ei sak om korleis Hordaland kan nytta medlemskapet og samarbeidet i Nordsjøkommisjonen og CPMR i viktige saker for fylket. Jamfør verbalforslag i budsjettvedtak.»<br><br>Oversendingsforslag til fylkesrådmannen frå Roald Kvamme (A) i samband med RS 17/19. | April |
| 31.01.2019 | | «Beredskap for stengte tunnelar i sone nord E-39.<br>1. Hvilke tiltak blir satt i gang ved stengte tunellved uforutsette hendelser på Nordre innfartsåre E-39?<br>2. Hvor egnede er disse omkjøringsveiene?<br><br>Undertegnede mener det ikke er svart på spørsmålet. Eidsvågsneset er smal og enkelte partier er der kun plass til en bil i bredden.<br><br>• Hvilke tiltak blir satt i verk ved ulykke/stenging av Eidsvågstunellen?<br>• Har det vurdert andre tiltak enn omkjøring om Eidsvågsneset?<br>• Regulering for toveis kjøring i det andre løpet av Eidsvågstunellen?<br>• Blir lysregulering ved NHH justert ved omkjøring om Eidsvågsneset?<br>• Vil SVV sørge for en befaring før en svarer på om Eidsvågsneset er en egnet omkjøringsvei?» | Juni |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Skriftleg spørsmål sett fram i møte frå Mona Røsvik Strømme (H) i samband med RS 12/19 | |
| 21.02.2019 | | «Pensjonistforbundet får auka sitt tilskot frå kr.40.000 til kr.60.000 når fylkesrådmannen legg fram sak om fordeling av restmidlane under posten «Ymse tilskot»<br><br>Oversendingsforslag til fylkesrådmannen frå Kari Bernardini (A) | April |
| 21.02.2019 | | «Fylkesutvalet ønskjer ei sak til behandling av «Bestillingsbuss» ute i distriktet i Hordaland.<br><br>Nokre kommunar kan visa til god erfaring med bestillingsbuss – det vil vera eit kollektivtilbud til dei som ikkje har bil, sertifikat og mulegheit for å komma til sentrum/servicetenester, det gjeld spesielt eldre menneske som har eit behov. Behova vil vera ulike i frå kommune til kommune.»<br><br>Oversendingsforslag til fylkesrådmannen frå Synnøve Solbakken (A). | Mai |
| 21.02.2019 | | «Fagskulen i Hordaland er invitert til å utgreia eit utvida samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og fjordane. Intensjonen med samarbeidet er mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokaler, investeringar og lærekrefter. I tillegg skal det leggjast til rette for sømlause overgangar mellom fagskuleutdanning og høgskuleutdanning, styrka etter- og vidareutdanningstilbod samt styrka samarbeid med næringsliv i offentlige verksemder.<br><br>Fylkesutvalet ber administrasjonen koma med ei sak om dette til vidare politisk handsaming, som synleggjer korleis dette kan gjennomførast.»<br><br>Oversendingsforslag til fylkesrådmannen frå Roald Kvamme (A). | Juni |
| 28.03.2019 | | Roald Kvamme (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkerådmannen:<br><br>«Klimastreiken | Mai |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Torsdag 14. og fredag 22.mars mobiliserte fleire tusen skuleelevar til klimastreik. Kravet frå ungdomane er klårt og tydeleg, dei forventar at det vert tatt ansvar for å få ned klimagassutsleppa. Vi må gjera endå meir enn i dag for å nå 1,5-gradersmålet, og difor er det inga overrasking at ungdomane stille krav til dagens politikarar og andre som kan medverka til det grøne skiftet og ei berekraftig utvikling.<br><br>Elevdemokrati og ungdomsmedvirkning er viktig for Hordaland fylkeskommune. Det er ei målsetting at ungdomar skal kunne delta i politisk arbeid og påverka politiske prosessar. Derfor er det uheldig at dagens nasjonale fraværsregler vert opplevd som lite fleksible og at det legg avgrensingar på dei unge sitt engasjement. Sjølv om det finnes ei rekkje saker som ungdom engasjerer seg i, er klimakampen i ein eigen kategori. Det vil vera vanskeleg å skulla skilja mellom ulike saker og aktivitetar men det er liten tvil om at klimakampen er ei av dei viktigaste sakene for ungdom i åra som kjem.<br><br>Fylkesutvalet vil oppmoda dei vidaregåande skulane om å leggja til rette for at elevane kan engasjera seg i viktige samfunnsspørsmål og at ein syner fleksibilitet ved praktiseringa av fråværsreglane. Når det gjeld dei aktuelle markeringane så bør ein kunna finna ei løysing slik at elevar som deltok her ikkje vert registrert med fråver.<br><br>Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak om dette til neste møte.»<br><br>Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling | |
| 28.03.2019 | | «Kor mykje ekstra tilskudd vil det utgjera, og kor mykje kan ein redusera bompengebelastninga, dersom staten sitt tilskot til utbygging av Bybana vert 70% av kostnadane for utbygging til Fyllingsdalen og Åsane.»<br><br>Skriftleg spørsmål frå Roald Kvamme (A). | Juni |
| 28.03.2019 | | «Meland Golf salget<br>Hva er fremdriftsplanen for salget på eiendommen.»<br><br>Det vart presisert at det var ønskelig med skriftlig svar til neste møte. | Mai |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Skriftleg spørsmål frå Mona Røsvik Strømme (H). | |
| 28.03.2019 | | «Hvor står arbeidet med å innføre HMS/REG som en del av arbeidet med seriøsitetskravene for fylkeskommunen som oppdragsgiver?<br><br>Ber om skriftlig svar i neste møte.»<br><br>Skriftleg spørsmål frå Kari Bernardini (A). | Mai |